NYNORSK

# BOKSTART

## SPRÅK FRÅ FØRSTE STUND



# VELKOMMEN TIL BOKSTART

Bokstart oppmuntrar deg som vaksen til å lesa høgt, synga, rima og prata med barnet ditt. Tidleg språkstimulering er viktig for at barnet seinare skal bli ein god lesar, glad i bøker og få eit stort ordforråd. Bokstart gjer med andre ord barnet betre rusta for livet.

På biblioteket er det bøker for alle aldrar og på mange språk. Det er gratis å låna.






# LES OG PRAT

Når de les saman, blir barnet ditt
betre til å lytta og prata sjølv.

Språket er viktig når barnet seinare
skal læra seg å lesa.









## LES OG FORTEL

Les høgt eller fortel om bilda. Barn elskar å høyra stemma til pappa eller mamma.

## LES FLEIRE GONGER

Barn likar å lesa same bok om og om igjen.




# LES ALT

De kan lesa meir enn bøker. Som for eksempel reklame, vegskilt, tekst i aviser og på mjølkekartongen.

Barnet lærer nye ord og uttrykk ved å høyra dei lesne høgt.

Forklar gjerne vanskelege ord.








## LES OVERALT

På golvet. Stellebordet. Bussen. Toget.
Stranda.
I sofaen. Hagen. Parken. Skogen.

## LES SJØLV

Når du les, vil barnet ditt også lesa.



# GÅ PÅ BIBLIOTEKET

På biblioteket får du tips til gode bøker, lydbøker, filmar og dataspel.

Alle barn er velkomne og treng ikkje å vere stille og rolige.

Mange bibliotek har også eigne aktivitetar for små barn.





# LES BØKER

Lån dei gratis på biblioteket. Ønsk dykk bøker i gåve. Kjøp dei i bokhandelen. På nettet. I matbutikken.




# LES OFTE

Du treng ikkje å lesa så lenge om gongen, men les ofte.



Bokstart oppmuntrar deg til å lese saman med barnet ditt. Ei lesestund er hyggeleg for dykk begge. Når de les saman, blir barnet ditt betre til å lytte og til å uttrykke seg. Å lese bøker er den beste måten å lære nye ord!

Gjennom å gje barn og deira foreldre bokgåver, ynskjer vi å bidra til at alle barn skal få eit godt og livslangt forhold til språk og bøker.

Bokstart er eit samarbeid mellom helsestasjonar, bibliotek og Foreningen !les.

Les meir på bokstart.no.

BOKSTART

Foreningen !les

Illustrasjon og design: Vibeke Røgler, ©Foreningen !les 2018, opptrykk 2020 og 2023.